

19.10.2010

God branngryggleik i Helgheim



**Helgheim har god branngryggleik, svarar ny brannvernleiar Knut Johannes Ripel i eit brannteknisk kontrollskjema
Men han lovar at skilt over brnnslokningsapparat skal monterast og fleire rømningsplanar hengjast opp.**

Ripel svarar også ja på spørsmålet om tilgangen på sløkkjevatn og tilkomst til vasskelder er kartlagt.

Men det er ikkje gjennomført ein risikovurdering av bygget og det er ikkje sikra tilstrekkeleg. Han opplyser også at det manglar brannvernleiarkurs. Det er utarbeidd branninstruks for leietakar.

Det blir svara nei på spørsmålet om det er gjort vesentlege endringar, ombyggjing og/eller bruksendringar i huset.

Det blir også svara nei på spørsmålet om rømningsvegane er godt nok sikra slik at det dekkar opp behovet for rask og sikker rømming. Men Ripel opplyser at handtak frå sal er løyst.

Under ei synfaring som Ripel hadde saman med brannvernet konstaterte brannverninspektør Øyvind Ousdal at Ripel later til å vera oppteken av branngryggingsarbeid og visar vilje til å jobba for at lokalet skal få ein god branngryggleik. Dette tykkjer brannvernet er positivt.

Brannvernet og Ripel er mellom anna einige om at det skal gjennomførast ei brannøving og at det skal dokumenterast kven som har delteke. Det er viktig at ein får med dei faste brukarane av bygget.

Av Ola Matti Mathisen